

---

Saknr: 2020/43313-1  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020

## Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Retningslinjer og programområde

### Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» lyser ut dei vedtekne 7 200 000 kroner i form av ei tilskotsordning.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget.

### Samandrag

Frå 2010-2019 støtta Hordaland fylkeskommune det frivillige og profesjonelle kulturlivet med utviklingsmidlar gjennom Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Denne ordninga var eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland og eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet. Fylkesdirektøren rår til at ein vidarefører denne tilskotsordninga i Vestland fylkeskommune.

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, er styrande for kulturpolitikken i Vestland. Vestland fylkeskommune vil fremje eit sterkt, mangfaldig frivillig og profesjonelt kulturliv. Eit viktig verkemiddel for å nå måla i dei regionale planane er tilskotsmidlar til kulturfeltet.

Fylkestinget har sett av 7 200 000 kroner i budsjettet for 2020 til «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)», jf. tabell 4.4.15 i Budsjett 2020 / økonomiplan 2020-2023 og med følgjande kommentar til tabellen;

Fylkesrådmannen vil vidareføra og forsterka ordninga Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Programmet vart etablert av Hordaland fylkeskommune i 2010, og har vist seg å vera eit effektivt verktøy for fylkeskommunen når det gjeld å initiere og medverka til kunst- og kulturpolitisk utvikling. Fylkesrådmannen vil koma attende til Hovudtval for kultur, idrett og integrering med innretting av programområde, kriteria og fordelinga av midlane, i eigne saker.

### KUP 2010-2019

10. juni 2009 gjorde fylkestinget i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i sak 35/09:

«Det vert oppretta eit Kulturelt Utviklingsprogram for Hordaland med Kultur- og ressursutvalet som politisk avgjerdsorgan. Programmet skal vere eit verkemiddel for større programsatsingar innan kulturfeltet».

8. desember 2009 i sak 83/09 vedtok fylkestinget retningslinjer for ordninga. Kulturelt utviklingsprogram (KUP) var dermed etablert som eit tydeleg verkemiddel for større, klårt definerte programsatsingar, og for å støtte prosjekt som var initierte av kulturlivet sjølv. I saka vart måla formulerte slik:

Kulturelt utviklingsprogram skal vere med på å realisere Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske visjonar og vere eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. KUP skal:

- vere eit målretta program med ein tydeleg profil som gir grunnlag for gode spleiselag og krefter til tyngre løft innan større, prioriterte satsingar.
- styrkje det kulturpolitiske samarbeidet nasjonalt og internasjonalt.
- skape nytt initiativ på regionalt nivå.
- styrkje kulturpolitikken som område for samfunnsutvikling.
- styrkje Hordaland fylkeskommune som utviklar av kulturfeltet og kome kulturlivet, institusjonar og organisasjonar til gode.
- fange opp nye initiativ i den regionale kulturpolitikken med vekt på programsatsingar.

Dei generelle retningslinjene og vilkåra for ordninga har vore førte vidare frå 2009 / 2010. Kulturelt utviklingsprogram var tenkt som eit verkemiddel for å nå kulturpolitiske målsettingar basert på initiativ i kulturlivet sjølv. I tråd med intensjonen skal KUP gje rom for større, utprøvande satsingar frå stødige kultur- og idrettsaktørar. Gjennom ei innretning med treårig støtte kan ein m.a. undersøke om prosjekta er tente med å vere tidsavgrensa, eller om det kan utviklast gode tiltak med potensiale til å bli permanente aktivitetar.

### Programområde i KUP 2010-2019

Sidan starten har fordeling av midlar i KUP vore knytt til definerte programområde. I åra 2010-2013 var programområda følgjande:

A. Kunstnarleg nyskaping, B. Samarbeid, C. Nyskapande formidling, og D. Kompetanse.

I 2014 vart ein mindre revisjon vedteken i Kultur - og ressursutvalet. Programområda for KUP var i åra 2014-2016 følgjande:

A. Kunsten i samfunnet, B. Samarbeid, C. Nyskapande formidling, og D. Kompetanse.

Med grunnlag i ei systematisk gjennomgang av PREMISS : KULTUR og tidlegare erfaringar frå ordninga, vart nye programområde lagt fram til politisk handsaming i 2016. Følgjande 3 programområde for KUP var gjeldande i åra 2016-2018;

A. Formidling og deltaking, B. Samordning og samhandling, og C. Kunstløft- kunstnarleg nyskaping.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtok i møte 22.01.19 programområdene til å også gjelde for KUP for 2019.

Frå 2016 vart det gjort mogleg å søkje støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Til saman 500 000 kroner vart løyvd til tiltak på desse to felte kvart år.

Slik ordninga var innretta i perioden 2016-2019 hadde fylkesrådmannen ei forventning om at gode KUP-prosjekt innan dei ulike programområda ville vere med på å realisere fleire av dei vedtekne kulturpolitiske måla for Hordaland 2015 -2025:

1. Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk
2. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
3. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle
4. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv
5. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk
6. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande
7. Bærekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv over heile fylket.
8. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping

Svært mange gode prosjekt har vorte realisert med hjelp av KUP-midlar Til saman har 182 prosjekt vorte tildelt 63 287 000 kroner frå KUP i åra 2009-2019.

I dei åra KUP var gjeldande i Hordaland fylkeskommune vart vurderingskriteria, vilkåra og prosedyre for ordninga opplevd som hensiktsmessige og relevante i tillegg at dei harmonerte godt med regional kulturplan PREMISS : KULTUR. Søknader vil no også verte vurdert opp mot dei to regionale kulturplanane då desse saman er styrande for kulturpolitikken i Vestland.

Informasjon om ordninga vil vere tilgjengeleg på [www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no). Der vil det også leggjast inn presentasjonar av prosjekt som har fått KUP-tildeling tidlegare år.

### **KUP og koronasituasjonen**

Vi veit at situasjonen gir store konsekvensar for kultur- og idrettslivet i Vestland. Vestland fylkeskommune har difor jobba med å legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet. Dette for å sikre kultur- og idrettsverksemda, sikre at drift av organisasjonane vert halde i gang, og for å sikre at aktivitetane lett kan settast i gang igjen. Vestland fylkesutval vedtok allereie 26.mars å hjelpe kulturlivet gjennom koronakrisa ved å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet får for avlysing av kultur- og idrettsarrangement framover. Det betydde at kulturarrangement som vart avlyst, likevel skulle få fylkeskommunal støtte.

Sjølv om Noreg opplev denne unntakstilstanden så vurderer fylkesdirektøren at det er eit sterkt behov for ordinære tiltak og såleis ordinære tilskot. I dialog med kulturlivet er det tydelege signal på at det framleis er behov for prosjektmidlar. Det er difor vurdert til å vere svært viktig å oppretthalde ordinære midlar i tida vi no står overfor, og då særleg KUP-midlane med sine kriterie og programområde.

Fylkesdirektøren er open for at søknadar til KUP 2020 vil kunne vere relatert til koronasituasjonen. Slike søknadar vil, på lik linje som alle KUP-søknadar, verte vurdert etter retningslinene og programområde. Når koronasituasjonen er over, vil det vere eit særleg behov for å få hjula i gong igjen. Her kan KUP-midlane spille ei særskilt viktig rolle for kulturfeltet i Vestland.

## Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelingar vil vere i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

### Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at Kulturelt utviklingsprogram (KUP) vert etablert og lyst ut som ein tilskotsordning for utviklingstiltak med kunst- og kulturføremål. 7 200 000 kroner er sett av til ordninga i 2020.